

Saksprotokoll i fylkestinget - 02.- 03.10.2018

Fylkesordføraren svara slik:

«Som underlag til revisjon av strategi for drift og vedlikehald av fylkesveg i 2016 vart det utarbeida ein delrapport om veglysanlegg.

Summert opp i drifts- og vedlikehaldsstrategien står mellom anna følgjande:

«950 km av fylkesvegnettet har veglysanlegg, noko som inneber 16.600 lyspunkt. I tillegg kjem veglysa på bruene og i tunnelane som går over eigne kontraktar. LED er standard på alle nye veglysanlegg på fylkesveg. Dei siste åra er det gjort ein del utskiftingar og standardheving på lys, men sett under eitt så er det klårt at veglysanlegga på fylkesvegnettet har noko varierande standard. Særleg har god belysning rundt skulane vore prioritert ved oppgradering av anlegg, og i all hovudsak er det i dag bra belysning rundt skulane. Normalt er det ei auke på 2% i talet på veglys kvart år.»

Bergen kommune er i prosess med utskifting til LED lys og overtaking av eigaransvaret for veglysanlegg frå BKK til Bergen kommune. Hordaland fylkeskommune repr. ved Vegseksjonen og Statens vegvesen har til no i 2018 hatt møte både med Bergen kommune og BKK for å få informasjon om prosessen i Bergen kommune og utveksle kunnskap og erfaring. I samarbeid med Statens vegvesen og BKK er det våren 2018 starta opp ei kartlegging for å få ei betre oversikt over veglysanlegga og ei tilstandsvurdering på veglys langs fylkesvegnettet i Hordaland.

Fylkesrådmannen har som mål å få ferdig kartlegginga i løpet av 2018. Som ein del av kartlegginga vil ein også få oversikt over kor mange kvikksølv armaturar som står att å skifte. SVV opplyser at ca. pris for utskifting per i dag er rekna til kr. 8000-9000 per armatur, men det er sikkert mogleg å få betre prisar ved innkjøp av større kvantum. Kvikksølvarmaturar er gått ut av produksjon og SVV opplyser at dei meiner at alle kvikksølvarmaturar uansett må skiftast ut innan maksimalt 10 år. SVV er i gang med å oppdatere utskiftingsplan.

Som ein del av kartlegginga vil fylkesrådmannen også sjå nærmare på økonomisk overslag og innsparing ved overgang til LED lys for alle veglysanlegga i Hordaland. Når kartlegginga er ferdig vil dette meldast vidare til politisk nivå.»